



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Andrea Grimnes
Roald Amundsens Vei 43
5063 Bergen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/48590	26/4325	Silje Grønhaug Tuft - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		15.06.2026

Delegert sak

178/4, Skagen - Melding om vedtak etter jordlova - arealoverføring til 178/53

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir løyve til arealoverføring av eit areal på under 1 dekar frå gbnr. 178/4 til gbnr. 178/53 etter jordlova § 12.

Løyvet er gitt slik det går fram av søknaden og vedlagde kart.

Dersom oppmåling ikkje vert rekvirert innan tre år, fell løyvet etter jordlova bort, jf. jordlova § 12.

Samandrag

Bjørnafjorden kommune har motteke søknad frå Andrea Grimnes og Bjørn Inge Vindenes om arealoverføring av eit areal på under 1 dekar frå gbnr. 178/4 til gbnr. 178/53 på Skagen.

Søknaden gjeld ei eksisterande bebyggd nausttomt som har vore nytta sidan 1950-talet. Grunneigar av eigedomen gbnr. 178/4 er Nils Petter Vindenes.

Tiltaket fører ikkje til omdisponering av fulldyrka jord etter jordlova § 9.

Søknaden er oversendt Bjørnafjorden landbrukskontor for handsaming etter jordlova.

Mynde

Vedtaket er fatta med delegert mynde i samsvar med delegeringsreglement for Bjørnafjorden kommune.

Saksutgreiing

Eigedomen



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Gardsbruket gbnr. 178/4 ligg ved med driftssenter langs Strandvikvegen. Samla areal er 284 dekar (kjelde: Gardskartet/NIBIO) fordelt på 6 teigar. Av produksjonsareal er det oppgitt 101,3 dekar fulldyrka jord, 121,4 dekar med overflatedyrka jord, 49,4 dekar anna mark, og 11,9 dekar bebygd.

Eigedomen har i tillegg fem teigar på til saman 19,6 dekar knytte til fleire hovudnummer og uregistrert jordsameige.

Det er totalt 6 bygningar på eigedomen. Det naustet som er søkt delt frå er eit naust med bygningsnummer 175250883. Like ved naustet som er delt frå er det driftsbygning med bygningstype «Driftsbygning fiske/fangst/oppdrett» og som ikkje er omfatta av arealoverføringa.

Eigedomen på gbnr. 178/53 som skal ta imot arealet er ikkje ein landbrukseigedom og har frå før einebustad og garasje/anneks til fritidsbruk. Arealet er i kommuneplanen sett av til bustadbebyggelse med områdenamn B80. Arealet er tilgrensande til naustet og landbruksarealet som er fulldyrka jord.

Det går fram av søknaden at det ikkje er rettar knytte til eigedomen som skal fordelast mellom areala.

Landbrukseigedomen gbnr. 178/4 er konsesjonspliktig ved sal.





Planstatus

Det aktuelle området for frådelinga ligg innanfor LNFR.

Både gbnr. 178/4 og gbnr. 178/53 ligg innanfor revidert område for kjerneområde landbruk.

Gjeldande regelverk

Jordlova § 12 slår fast at deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk, må godkjennast av departementet og § 3 viser til at kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av landbrukssaker.

Her blir jordlova § 12 tredje ledd lagt til grunn:

«Ved avgjerd om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.»

Vurdering

Vi legg vekt på at arealet har vore nytta som nausttomt i lang tid. Det går fram av søknaden at arealet vart selt frå eigaren av gbnr. 178/4 til eigaren av gbnr. 178/53 i 1941. Naustet vart oppført på tomte på 1950-talet. Arealoverføringa inneber difor ikkje etablering av ny bruk, men ei formalisering av eit etablert eigedoms- og brukstilhøve.

Det er eit omsyn å unngå oppdeling av landbrukseigedomar og å ta vare på landbrukseigedomar sine samla arealressursar. Dette går fram av jordlova § 1. Vi legg likevel avgjerande vekt på at arealet er svært avgrensa og at det gjennom lang tid har vore nytta som sjølvstendig nausttomt. Arealoverføringa vil ikkje få praktisk betydning for drift, arrondering eller framtidig utnytting av jordbruksareala på eigedomen gbnr. 178/4. Sjølv om det ligg fulldyrka jord i nærleiken av naustet grensar mottakareigedomen gbnr. 178/53 allereie til desse areala. Eventuelle driftsulemper knytt til nærleiken mellom eigedomane er difor allereie til stades og arealoverføringa vil etter vår vurdering ikkje føre til ei mindre tenleg eller variert bruksstruktur. Tiltaket fører heller ikkje til omdisponering av fulldyrka jord og gjeld areal som ligg som bebyggd i gardskartet til NIBIO.

Det vert vidare lagt vekt på at arealoverføringa ikkje vil avskjere landbrukseigedomen sin tilgang til sjø. Eigedomen gbnr. 178/4 vil framleis ha eigen strandlinje og tilkomst til sjø etter arealoverføringa.

Etter ei samla vurdering vurderer vi at arealoverføringa ikkje fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket og ikkje svekkjer ei tenleg og variert bruksstruktur.

Endelegre grenser vert fastsett ved oppmåling.

Vilkåra for å gi løyve etter jordlova § 12 er dermed oppfylte.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til Bjørnafjorden kommune, og vi vil sende saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vedtaket ikkje blir endra. Du kan bruke denne lenka for å sende inn din klage https://skjema.bjornafjorden.kommune.no/skjema/BFK0348/Klage_p_kommunalt_enkeltvedtak.

I klagen skal det gå fram kva vedtak det blir klaga på og kva endringar ein ønsker, og klagen bør ha ei nærmare grunngjeving og andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klagen.

Dersom du ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet du får grunngjevinga.

Handsamingsgebyr

Til orientering er det eit gebyr på 2 000 kr for handsaming av delingssaker, sjå gebyr og prislister på heimesida til kommunen. De vil motta eigen faktura for betaling av gebyret.

Med vennleg helsing

Simon Wolff
Landbrukssjef

Silje Grønhaug Tuft
Rådgjevar - Landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Bjørn Inge Vindenes
Monica Moberg
Vindenes, Bjørn

Roald Amundsens Vei 43
Ingeniør - Byggesak

5063

Bergen